



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

■ referat

Evalueringsmøte om Veslemannen 2016

Til stades: Sjå vedlagt deltakarliste

Fråvær: Lodve Solholm

Stad og tid: Molde, 19.09.2016

Innleiing

v/ Rigmor Brøste

Fylkesmannen har ut frå Fylkesmannens samfunnstryggleiksinstruks (<https://lovdata.no/dokument/INS/forskrift/2015-06-19-703>) eit samordningsansvar i samband med større og mindre hendingar som vedkjem beredskapen i fylket. Den same instruksen gir fylkesmannen eit ansvar for å ta initiativ til å evaluere hendingar, for å sikre utvikling og læring. Dette er bakgrunnen for at fylkesmannen har tatt initiativet til dette møtet, etter denne runden med evakuering grunna faren for skred frå Veslemannen.

Innlegg

v/ Stine Sætre

Fylkesberedskapssjefen gjekk gjennom hendinga kronologisk. Frå gult farenivå opp til raud og ned igjen til gult.

NVE sine erfaringar

v/ Einar Anda

Beskriving og stadfesting av fylkesberedskapssjefen si innleiing, med nokre presiseringar.

NVE har som det har kome fram i media, og ved nasjonal fjellskredkonferanse i Geiranger, førebudd seg på å kunne tilføre ekstra vatn. Dette vil kun verte aktuelt om rørslene tilseie at vi er oppe i raudt farenivå og områda i faresona allereie er evakuert. Før NVE sett i verk tiltak med å tilføre ekstra vatn på Veslemannen på raudt farenivå, vil NVE vurdere dei juridiske sidene av eit slikt tiltak.

Rauma kommune sine erfaringar

v/ Lars Olav Hustad og Ole Kjell Talberg

Kommunen er nøgd med eiga handtering av hendinga, men det var uventa at farenivået denne gongen av NVE vart sett rett frå gult til raudt. Det gjorde situasjonen litt vanskelegare for beboarane på Lyngheim. Elles er det ei ny utfordring at vi fekk evakueringa tidlegare på året enn dei føregåande åra, men evakueringa gjekk breitt sett frå kommunens ståstad.

Kommunen er svært godt nøgd med Sivilforsvaret sin innsats ute i felten.

Det er positivt at delar av trafikken på jernbanen fekk gå etter nokre dagar, og viser at sjølv om ein alltid må tenkje tryggelik kan det vere rom for vurderingar av forholda frå gong til gong.

Det vart eit vist mediepress i perioden mellom NVE varsla raudt farenivå, og politiet la ned opphald og ferdselsforbod. Det vil ta ei lita stund frå NVE hevar farenivået til raudt, og Politiet får lagt ned eit opphald og ferdselsforbod, som følgje av at alle personar skal vere evakuert ut av området først. For å ha god nok oversikt ønske kommunen ei melding frå Politiet, når evakueringa er fullført og dei har nedlagt opphald og ferdselsforbod.

Kva gjorde politiet?

v/ Ingar Bøen og Thorry Aakenes

Politiet ga positiv tilbakemelding til NVE i møte for at dei valde å ikkje sette farenivået tilbake frå raudt til gult for tidleg. Det kan vere vanskeleg for politiet å gje dispensasjon frå ferdselsforbodet utan at det går ut over respekten for forbodet. Men det kan likevel vere forsvarleg å gje dispensasjon i korte periodar. Dette vil politiet ved Politimeisteren måtte vurdere i kvart enkelt tilhøve.

For politiet sin rolle spelar det mindre rolle kort fort ein endrar farenivået. Politiet er alltid klar til å tre inn si rolle når farenivået er kjem på raudt. Med dei hendingane ein har hatt tidlegare på staden har ein funne fram til ei rutine som får alt opp å gå på kort tid, det gjeld også samhandling med andre aktørar. Til dømes vil det vere muleg å stenge trafikken på jernbanen på kort varsel om det trengs.

Politiet opplevde også ved dette høve telefonomøta i fylkesberedskapsrådet som viktige for å sikre felles situasjonsbilde. Lokalt var Sivilforsvaret avgjerande for å kunne gjennomføre og oppretthalde politiet sine tiltak.

Sivilforsvaret sine erfaringar

v/ Jan Birger Kavli, Eva Kristin Strømskag og Endre Dahlen

Sivilforsvaret såg tidleg på værvarsla at noko kunne skje, og tok fram sitt planverk frå sist ein var i aksjon på staden. Oppdraget frå politiet var svært avklarande, og var såleis enkelt å effektuere.

Sivilforsvaret hadde visse utfordringar med omsyn til plassering av sitt utstyr på staden, og vil gjere avtale om disponering av grunn på området som skal vere avklarande for ettertida.

Elles hadde dei tenestepliktige mannskapa ute i felten stor pågang frå media og turistar. Ein har internt hatt stort fokus på profesjonell framferd overfor desse, og det blei handtert bra av mannskapa.

Også sivilforsvaret sluttar seg til at fylkesmannen sine tlf. møte i fylkesberedskapsmåte er viktige og nyttige for å sikre felles situasjonsbilde.

Fylkesmannen sine erfaringar

v/ Stine Sætre

Sjølve hendinga vart handtert og samordna lokalt – i og rundt kommunal kriseleiing. Fylkesmannen si primær oppgåve var samordning og situasjonsbildebygging. Dette har vi gjort før, og samarbeidet fungerte veldig bra.

Fylkesmannen gjennomførte to telefonmøte i fylkesberedskapsrådet, med god deltaking frå aktuelle aktørar.

I førre evaluering, etter hendinga i 2014, vart det fokus på mediehandtering. Kommunen har blitt god på dette og NVE har også gjennomført tiltak i høve mediehandtering. Kommunikasjonsplan for fjellskred vart ferdig i år. Vi bør sjå om vi kan nytte denne om vi får ein ny situasjon ved Veslemannen.

Dei akkumulerte samfunnsmessige kostnadane med overvaking og sikringstiltak for hendinga ved Veslemannen er så langt store, og ein vedvarande situasjon vil fortsette å auke samfunnet sine kostnadalar. I fall skred frå Veslemannen ikkje kjem denne hausten, kan det bli ei utfordring å finne tiltak som kan bøte på dette og den belastninga befolkninga på staden kjenner på i kvardagen.

Vegen vidare:

- NVE blei oppmoda om å informere godt i forkant om sine planar knytt til ekstra tilførsel av vatn, slik at alle aktørane er kjent med kva det vil innebere for beredskapen.
- Til neste gong er det ønskjeleg å ta i bruk kommunikasjonsnettverket i h.h.t. den nye kommunikasjonsplanen for fjellskred.
- Rauma kommune oppmoda Politiet om å ha personell til stades ved ei ny hending, for betre avvikling av, og tryggleiken knytt til trafikale forhold på europavegen.

Deltakarar

Lars Olav Hustad	Rauma kommune	Ingar Bøen	Møre og Romsdal politidistrikt
Ole Kjell Talberg	Rauma kommune	Thorry Aakenes	Møre og Romsdal politidistrikt
Andreas Hustad	Rauma lensmannskontor	Rigmor Brøste	Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Einar Anda	NVE	Janne Woie	Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Jan Birger Kavli	Møre og Romsdal sivilforsvarsdistrikt	Stine Sætre	Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Eva Kristin Strømskag	Møre og Romsdal sivilforsvarsdistrikt	Atle Morsund	Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Endre Dahlen	Møre og Romsdal sivilforsvarsdistrikt		